



Frivillighetsregisternemnda

Vedtak i Frivillighetsregisternemnda 26. oktober 2023

Sak 2023/709 – Samnanger Mylderlag – org.nr. 931 147 110 – klage over vedtak om å nekte registrering i Frivillighetsregisteret

Frivillighetsregisternemnda sine medlem: Leder Martin Hennig, og medlemmane Shabneet K. Bains, Elisabet Ekberg, Bernard Enjolras og Stian Slotterøy Johnsen

Bakgrunnen for saka

- (1) Samnanger Mylderlag (klagar) meldte 26. mai 2023 inn registrering i Frivillighetsregisteret med deltaking i grasrotandelen.
- (2) Frivillighetsregisteret fatta vedtak 13. juni 2023 om å nekte registrering i Frivillighetsregisteret. Vedtaket var grunngjeve med at foreininga ikkje driv frivillig verksemd og er ein forteneestebasert organisasjon som ikkje har registreringsrett.
- (3) Klagar klaga på vedtaket 13. juni 2023. Klagar viser til at foreininga er eit initiativ som skal gjere om delar av den historiske Safa-fabrikken til eit dynamisk samarbeids- og samfunnsknutepunkt. Foreininga har som ambisjon å løfte fram den innovative og frivillige skaparkrafta i bygda. Prosjektet bidreg til berekraft, og har som formål å drive sosial og økonomisk vekst. I tillegg gir foreininga viktig infrastruktur og støttetenester til aktivitetar knytt til det å skape, enten det er kulturarrangement, sosiale tiltak eller innovative prosjekt. Foreininga si visjon er å fremje sosial interaksjon, innovasjon og samarbeid blant innbyggjarane, ved å trekke til seg og motivere til innovasjon, redusere pendling og auke kultur- og rekreasjonstilbod.
- (4) Klagar hevdar også at foreininga ikkje har erverv til formål, og at inntektene frå aktivitetane går direkte tilbake til foreininga og prosjektet. Kravet i vedtektene om at medlemmane må vere heilprofesjonelle aktørar er ikkje eit kommersielt tiltak, men eit nødvendig grep for å sikre at medlemmane kan bidra mest mogleg til foreininga sitt formål. Klagar meiner på bakgrunn av dette at foreininga er ein ikkje-forteneestebasert organisasjon som driv frivillig verksemd. Det vert elles vist til klagen i sin heilskap.
- (5) Frivillighetsregisteret har ikkje funne grunn til å gjere om sitt vedtak og oversendte klagen med innstilling 24. august 2023 til Frivillighetsregisternemnda for behandling.

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon: +47 55 19 30 00 post@knse.no

Det rettslege grunnlaget

- (6) Det rettslege grunnlaget er lov 29. juni 2007 nr. 88 om register for frivillig virksomhet (frivillighetsregisterloven).
- (7) Det følger av frivillighetsregisterloven § 3 første ledd at registrering i Frivillighetsregisteret er ein rett som vert gitt til registreringseiningar som driv frivillig verksemd. Frivillig verksemd er aktivitetar som ikkje er fortenestebasert.
- (8) Som registreringseining reknast ikkje-økonomisk (ideell) foreining, jf. frivillighetsregisterloven § 4 bokstav a.
- (9) Av forvaltningsloven § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og også ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan dermed fullt ut prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønnnet. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve vedtak og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Frivillighetsregisternemnda si vurdering

- (10) Samnanger Mylderlag sin klage gjeld Frivillighetsregisterets vedtak 13. juni 2023 om å nekte registrering i Frivillighetsregisteret.
- (11) Frivillighetsregisternemnda vil først ta stilling til om foreininga driv frivillig verksemd. Frivillig verksemd er aktivitetar som ikkje er fortenestebaserte, jf. frivillighetsregisterloven § 3 første ledd.
- (12) I NOU 2006: 15 blir det lagt til grunn at med fortenestebasert verksemd vert det sikta til ei verksemd som er eigna til å generere forteneste for dei som står bak aktivitetane. Med forteneste vert det sikta til overskot som blir igjen etter at kostnader som verksemdar pådreg seg er betalt og som typisk kan delast ut til eigaren og liknande.
- (13) Vurderinga av om foreininga driv frivillig verksemd vert gjort ut i frå ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i vedtektene. Vedtektene set rammer for organisasjonen si verksemd, og foreininga må sjølv sørge for at vedtektene gir eit riktig bilete av korleis forholda er i praksis.
- (14) Det følgjer av klagar sine vedtekter § 2 at:

«Hovedmålet med Samnanger Mylderlag er å transformere den historiske Safa-fabrikken i Samnanger til et dynamisk samarbeids- og samfunnsknutepunkt, som fremmer sosial interaksjon, innovasjon og samarbeid mellom gründere, frilansere og samfunnsledere. Dette bærekraftige prosjektet har som mål å drive sosial og økonomisk vekst, tilby viktig infrastruktur og støttetjenester, og tiltrekke innovative individer samtidig som det reduserer pendling og styrker kulturelle og rekreasjonsaktiviteter i Samnanger.»

- (15) Frivillighetsregisternemnda forstår vedtektene § 13 slik at foreininga ikkje har moglegheit til å dele ut utbytte til medlemmane, og at overskot over 300 000 kroner skal verte tildelt ein ideell organisasjon.
- (16) Frivillighetsregisternemnda legg til grunn at klagar si verksemd ikkje er meint å generere forteneste eller overskot som skal delast ut til medlemmane. Klagar sitt bidrag til økonomisk vekst i området kjem sant nok medlemmane, som også omfattar

heilprofesjonelle næringsdrivande, til gode, men nemnda kan ikkje sjå at dette er avgjerande for vurderinga av om foreininga driv frivillig verksemd. Det avgjerande er for det første om verksemda er eigna til å generere ein fortjeneste i foreininga, og for det andre om eit eventuelt overskot skal betalast ut til medlemmane. Nemnda kan ikkje sjå at det i den konkrete saka er haldepunkt for at foreininga har inntekter frå økonomisk verksemd, utover eventuelle inntekter frå leige av møterom og arbeidsplassar. Klagar har også opplyst at inntektene frå verksemda går direkte tilbake til foreininga og prosjektet, noko som vert underbygd av vedtektene § 13. Det er derfor ikkje noko som tilseier at klagar si verksemd er eigna til å generere eit overskot som skal delast ut til medlemmane.

- (17) Frivillighetsregisternemnda har etter dette kome til at foreininga driv frivillig verksemd, jf. frivillighetsregisterloven § 3. På bakgrunn av det som er sagt ovanfor er nemnda også av den oppfatning at organisasjonen er ein ikkje-økonomisk (ideell) foreining, jf. frivillighetsregisterloven § 4 første ledd bokstav a.
- (18) Frivillighetsregisternemnda har ikkje tatt stilling til om klagar oppfyller vilkåra for deltaking i grasrotandelen, jf. forskrift 5. desember 2022 nr. 2124 om grasrotandel. Nemnda legg til grunn at det er mest tenleg at Frivillighetsregisteret vurderer dette.

Konklusjon

- (19) Frivillighetsregisternemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysingane i saka at Samnanger Mylderlag oppfyller vilkåra for registrering i Frivillighetsregisteret.

Vedtak

Klaga vert tatt til følge.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur